Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 -

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Balestrand.

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim

Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand.

G.nr. 5 Br.nr. 1 -

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja -

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I dei gamle stovone laga dei maten og åt i same romet.

1. Det gamle stovehuset her vart rivet 1892. Dei sat ved langbordet og fekk alle sine mål der. -

2. Heile huslyden sat ved same bordet. Det gjer dei og enda. -

3. No et dei til kvardags på kjøkenet. So lenge ein veit av her hev alle ete på same tid - og same slag mat.

4. Husbondsfolk, faste tenarar og leigde arbeidsfolk åt saman.

5. Ja, her ~~et~~ et dei på kjøkenet til kvardags.

6. Ved høgtider og festar et dei i stova.

7. Dei hev sine faste plassar ved bordet - husfaren, matmori, borni etter alder - og so dreng eller arbeidarar og gjentor. -

8. Her hev det ikkje vore brukt at born stod ved bordet. -

9. Det gamle høgsete er burte. Husfaren sit lengst til høgre på ei sida av bordet.

10. Heiderplassen for ein gjest er til høgre for husbonden.

7890

11. Dei vaska alltid hendene fyrr dei sette seg til bords. Serleg hev dei gjort dette etter fyrst av 1890 åri. So lenge ein veit av hev mennene alltid teke av seg hovudplagget når dei åt. Det gjorde dei og um dei var på ferder eller hadde slikt arbeid at dei åt ute.

12. Graut og supa åt alle av same fat eller skål. Dei hadde og same skåli mjölk eller mysa til grauten. Dei tok fyrst graut – elles på mjölk – og hadde so skeidi i munnen. No hev kvar sin tallerk graut – og kvar si lili skål mjölk. Dette tok til her kring 1905. Husmorskular og turistferdsla gjorde mykje til å betra matskeidkome. Til kaffi hev dei alltid havt kvar sin kopp. –

13. Gryta sette dei aldri på bordet. Derimot sette dei stundom steikepanna fram. Då lagde dei fyrst bordfjöli på (ei fin lili fjöl) og sette panna der. Når det gjeld framande gjester skil det seg mykje kor stor byrdnad dei vert synte. Det mest vanlege er at framande gjester et i stova. Då fer dei vanleg gjestebodsmot.

14. Millom flatbröd her hev dei lagt lutafisk. Det nemnde dei fiskakling – m. | og det var gildekost eller festmat. Det årsbil det kunde vera lite um smör – kunde dei eta flesk, spikekjöt og spikesild til flatbröd. Men dei lagde det ikkje

7890

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på bordet.–
15. Fram til fyrste heimskrigen kunde ein ofte sjå folk taka sukkerbiten i munnen og so drikka koffi til. No ser ein mindre av dette.–
16. Det vert ikkje likt at dei drikk kaffi av fatet.
17. Fram til midten av 1890 åri åt dei utan gaffel. Frå kring 1914 er gaffel vanleg brukt.
18. Alle fekk matkniv – endå um dei ikkje hadde teke til å nytta gaffel. Tolleknív ved bordet brukte dei ikkje.
19. Kvar hadde si skei. Var mange skeier like hadde dei merke. Her hadde dei skeiene i bordskuffa. Skei av tre eller horn var lite brukte her. Skeiene tok dei til å vaska fast frå fyrst av 1880 åri.–
20. Steintøytalerkar tok dei til å bruka i fyrstningi av 1900 talet. Tidlegare brukte dei bordskar til gilde og store lag. Til kvar dags lagde dei ofte maten på flatbrød. Porselentalerkar var brukt berre til forgjenad – eller i serhøve til ein vyrd gjest. – Då vart det slutt med det store fatet av graut og mjølk til alle.
21. Til kvardags hadde dei kvitskurt bord. No har dei voksduk på bordet – og ofte borddux på voksduken. Voksduk tok dei til å nytta kring 1900 – Voksduken ligg på bordet jamt. Den andre duken tek dei av bordet etter kvart mål. Då legg

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 7890

dei ofte på bordet ein liten voven duk
til prydnad.
22. No er det vanleg med voksduk på
matbordet.
23. Det er vanleg no at kvar ved bordet
tek til seg etter eigen hug. Fyrr var
det vanleg at husmori etla kjöt og
smör. Dei nemnde det å etla, og
det kvar fekk ei etling. –
24. Dei kunde og etla ut ost, sesgod
fisk (aure) og stundom flatbröd,
lompor, potetkakor, vaffelkakor, helle-
kakor (mjölkekakor) og jólekakor. –
Vanlegt bröd (stump) var ikkje brukt
til kvardags.
25. Mennene fekk största etlingane.
Kvinnone fekk noko mindre. Born
fekk etter alder – og mori sitt skyn.
26. Det er ikkje alle born som kan
hjelpa seg like godt. Dei fleste får
hjelp til dei er 5 til 6 år. – Dei minste
borni kan få hjelp av far, mor, eller eldre
syskin.
27. For padt småe born tygde dei ofte
maten.
28. Til fest og högtid las og song dei
fyre – og etter maten. Til kvardags
las dei still. Det gjer dei endå. –
Det gjeld og når det er born i hus-
lyden – og um der er framande
29. Ved bordet talte dei saman
med hugnad. Husbonden leidde
samtalen.
30. Dei lo gjerne ved bordet
um det var noko til smeleg

7890

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

moro.

31. Dei song gjerne ved bordet. Det tykte dei godt um. Derimot kunde dei ikkje plistra. –

32. Alle reiste seg frå bordet samstundes.

33. Folk av huslyden takka ikkje for maten. Men framande gjorde alltid det. Det gjorde og husmenn og arbeidsfolk, som ikkje var der i kosten til kvar dag. –

34. Kom der framande medan dei sat til bords so sa han alltid: „Signe maten".

35. Den framande vart til vanleg ikkje beden til same bordet. Derimot fekk han mat ellers på – um det var ein ferdamann – eller handelskar. Ingen skulde fara svolten burt frå ein god gard.

36. Kom ein framand til gards millom måli fekk han og mat, um han hadde fare langt. Hadde han heist med seg vart dei sette i fjøset og fekk godt høy. –

37. Ein gjest som kom uventa farande fekk alltid betre mat enn dei sjølve hadde til kvardags. No er det hell omvorleis. Dei har so god mat til kvardags at dei kan bed til bords – mest kven det skal vera. –

38. Kaffi var lite brukt. Det er fyrst etter 1920 åri dei brukar kaffi til kvar dag. Men kaffi –

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7890

Kjelen stend ikkje varm heile dagen.
Dei brukar Kaffi til frukost (bisk)
og non - so innlag kl. 4 (16).
39. Ein gjest et ofte på kjökenet i
lag med huslyden. Vil dei so mykje
ömsyn til gjesten, at han fær
mat i stova et ofte husfar og
husmori saman med han. Då
er det og gjestebods-mat og bordet
prydeleg tilskipa. –
40 Tidlegare var det so at dei skulde
nöya ein gjest til å eta. Det gjer
dei ikkje no. Derimot bed husmori gjesten
taka til seg av det som er framsett.
Før var det so at ein gjest skulde
vera varsam (akta seg - eller fara med
for) = eta lite på ein framand stad.
Det vart rekna usömelegt um ein
framand hadde for stor matlug. –
41. Fær gjesten mat åleine i
stova er ofte ein av huslyden
der og talar med gjesten.
Tidlegare var dei so
bljuge. Dei vende seg ofte frå den
dei tala med. No er det heilt
burte. Dei sit andlit til and-
lit med den dei talar med.
Byrgskapen hev vakse stort
millom bygdefolk. –
Balestrand den 19. mai 1953.
A. Skåsheim. –

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7890